



Protokoll frå styremøte Suldal IL

Møtenummer: 03/2021
Dato: 26.01.2022
Tidspunkt: 19:30-22:30
Stad: Foajeen

Til stades: Helen Moen Gjuvsland (leiar), Jon Bråtveit (gruppeleiar fotball), Per Even Tjøstheim (gruppeleiar ski), Venke Olene Vaarvik (gruppeleiar økonomigruppa), Hege Hiim Steine (styremedlem) og Øyvind Gjuvsland (nestleiar)
Forfall: Sveinung Steine (gruppeleiar trim) og Elisabeth Steine (kasserar)

Sak 25/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

- Godkjent med merknadar om å endra saksnummerering og flytta sak om jubileumsbok frå orientering frå leiar til eiga sak.

Sak 26/21 Godkjenning av protokoll frå sist styremøte

- Godkjent utan merknadar. Etterskrift frå skrivar: ser at innkalling og protokoll også frå møtenummer 02/2021 må rettast.

Sak 27/21 Orientering og saker frå leiar v/Helen Moen Gjuvsland

- Det er kome ei pengegåve frå Mikael Steine. Suldal idrettslag takkar for bidraget til laget vårt.
- Gåve frå Statkraft i samband med 75-års jubileumet (besøksdag i eit anlegg). Vert teken med vidare til neste styremøte. Opprette dialog med Statkraft om korleis dei vil organisera dette.
- Invitert til å delta i eit interkommunalt samarbeid Rogaland idrettskrets. Me må innhenta meir informasjon om kva som ligg i invitasjonen og høyra om me har nokre som kan og har ynskjer om å representera Suldal IL.
- Flaggavtale. Helen kontaktar einingsleiar for fornying av avtale. Ny liste etter årsmøtet med nytt styre.
- Sti Prestavikjo – søknad innvilga av kommunen. Planen er å setje i gong gravearbeid med opparbeiding i løpet våren.
- Reforhandling 2 av 3 hovudsponsorar (SPV og HK).
 - Har signert med SPV
 - Har søkt i Hkraft sin database om fornying av gjeldande avtale med minst like gode vilkår som nå.
 - Statkraft må ein avtale opsjon (1+1 år) i år, 2022.
- TV-aksjonen.
 - Me gjekk alle planlagde roder. Det var god innsats frå store og små, gledeleg med også god deltaking og respons frå dei yngste (fylt 12 år gjekk aleine) medlemmane våre. Takk til alle bidragsytarane.
- Allidrettens-SFO våren 2022. Samarbeidet held fram som tidlegare også for komande år.
- Søknad folkehelsemidlar; Vinjar skule må søkja kvar vår/tidleg haust for komande skuleår. Vinjar skule og SIL må årleg evaluera aktiviteten og avgjer om ein vil videreføra opplegget med Allidrettens sfo
- Forsikringsavtalen; Det vil vera ein variasjon i medlemstalet grunna variasjonane i laga til Suldalsgutane og Suldalsjentene, i tillegg til at damelaget no ikkje er oppe og går. Forsikringsavtalen kan difor settlast med antal medlem per no.



Med bakgrunn i kommande KM del 2 på ski vil me sjekke vilkåra i avtalen. Mellom anna at forsikringsavtalen også er gjeldande for arrangement, cup og liknande.

For fotball er spelarar forsikra gjennom NFF, så fremt dei har medlemskap i Suldal IL. Medlema er rapportert inn i FIKS og er dekket.

- Førebuing til årsmøte – meldingar til årsmeldinga, styreverva, dato, stad, annonsering, årsrekneskap og budsjett.

- Undergruppene tar kontakt med dei som står på val i gruppestyra.
- Valnemnda kontaktar dei som står på val, og aktuelle kandidatar.
- Årsmøte i mars. Eigen invitasjon og publisering vert lagt ut i god tid før styremøte innan gjeldande fristar.

Etterskrift: årsmøtet er bestemt flytta til april.

- Digitalisert logo er på plass. Omega365 gjorde digitaliseringsarbeidet.

- Kokkekurs som vart halde hausten 21 med Hege Hiim Steine som arrangør for idrettslaget vart eit vellukka kurs med 18 unge kokkar frå Suldal IL.

Sak 28/21

Orientering frå kasserar, lagt fram av leiar Helen Moen Gjuvsland

- Årsrekneskapet for 2021 er ikkje ferdig ført hjå Tveit rekneskap og derav kan ikkje kommentarane fullførast. Kasserar leverer dei siste bilaga til føring.

- Har i tråd med nye reglar søk om full momskompensasjon.

- Medlemskontingenten i idrettslaget er framleis veldig låg, kr 600,- per familie per år. Etter me har starta med Klubbadmin har me noko færre betalande. Me bør vurdere å fordele faktura i papirform i postkassane for å auke andelen betalande medlemmer.

- Arbeidet med fakturering av annonser i jubileumsboka er ferdig. Balanse i samband med dette arbeidet kjem når årsrekneskapet er ferdig.

- Leiar vil ta ein prat med noverande medlem av kontrollkomitèen, Margrethe Moen, og sjekke om ho kunne vore kasserar og ført regnskapet i 2 år. Ynskje om ajourført rekneskap og hyppigare rapportering som speglar budsjettet er ønskjeleg. Slik at ein kan få betre løpande oversikt over balansen i økonomien og evt justere budsjettet mot reelle utgifter.

Sak 29/21

Orientering frå fotballgruppa v/Jon Bråtveit

- Status - Gummigranulat kassar: må fullførast i vår.

- Vedlihehold på flettverksgjerde: må fullførast i vår.

- Om ein ynskjer å «snu» stadionområde må det eventuelt bli ein avtale med samf.huset, søkja kommunen om plassering av kiosk og maskin for å flytta bygget. Planlegging av dette arbeidet og søknad til kommunen. Det må eventuelt setjast opp ei eiga arbeidsgruppe. Jon tek dette med vidare i fotballgruppa.

- Arbeid med å skaffa trenarar for komande sesong er landa. No er det terminlistearbeid og klargjering av banar.

- Det vil bli moglege høgare dommarutgifter i sesongen som kjem, dersom det vert kretsdommarar på kampane. Meir informasjon om dette kjem etter kvart.

- Fotballgruppa har ynskje om å få fleire namn på ein eventuell dommarliste.

- Foajeen – montera projektor og lerret, Apple TV og liknande. Setja opp trinnplan for arbeidet. Jon tek saka med fotballgruppa.

- Tankar om å setja opp halvtak ved ballbua. Ein del utstyr kan lagrast ute om ein har eit lite overbygg. Fotballgruppa ser på saka og set opp forslag til budsjett.

Sak 30/21

Orientering frå skigruppa v/Per Even Tjøstheim

- Skitreninga i gong. Alle grupper har vore minst ein gong på snø. Har også brukt Breiastøldalen.



- Suldal IL har delteke på nokre skirenn, bl.a. Hovden før jul, KM i Sandrip-Vennesla, Oslo skifestival. Det har vore fleire avlysingar grunna snømangel.

- Framover:

Ungdommens Holmenkollrenn og Hovudlandsrenn.

Øyvind Røgenes på Macialonga.

Skikarusell: 1. renn 7. feb og 3. renn 9. mars. Suldalsrennet 12. feb.

KM del 2 19.-20. feb felles saman med Hjelmeland. 200-250 deltakarar. Eit distanserenne + sprintstaffet.

Mosvatnet Rundt går ut. Skal arrangera KM del 2, og nedadgåande trend på deltakarar i Mosvatnet rundt. Arrangerer heller Hamrabørennet saman med dei i Hamrabø.

- Snøanlegg: Skøyta på vèl 200 meter. Har brukt opp utstyr som er kjøpt inn. Nå er det til «Høgtalarbakkjen». Produserte snø i desember. Treng ein kald periode for å starta opp igjen.

- Straum: Rydda i straummålarar ved skistadion.

- Skileikbakke i Gratishaugen: Kontakt med hytteforeininga, positive. Har hatt synfaring saman med løypekøyrar, kommunen, maskinførar. Leirskule og hytteforeining var invitert. Bør planerast så mykje at det er like slett som i lysløypa slik at det raskt kan brukast ved snøfall. Anslått omlag to veker arbeid for gravemaskin. Legga inn litt element (hopp/kuler), dreneringsrør, rydding av skog og fjerning av gjerde. Grill/rasteplass noko ein kan få med? Må søkjast, men ligg i reguleringsplanen. Kostnad: Me har 30-35.000,- i midlar, men treng meir. Er det stort nok til at det er spillemiddelprosjekt?

Sak 31/21 Orientering frå trim v/Sveinung Steine

- Etterskrift: grunneigar avtalane for skogstrimmen er godt i gong. Dei fleste avtalane er ferdig signerte.

Sak 32/21 Orientering frå økonomi v/Venke Olene Vaarvik

- Idrettslaget har fått tapte inntektsmidlar i samband med kiosk, startkontigent og parkeringsavgift for arrangement som ikkje har blitt gjennomført grunna koronapandemien. Idrettslaget har motteke kr 16 285,- etter søknad til Lotteri- og stiftelsestilsynet.

- Dugnadsliste for kiosk under skirenna er klar.

Sak 33/21 Jubileumsbok

- Salet går framleis. Betaling direkte til vippsnummer.

Ein kan kjøpa boka på Coop Marked Suldalsosen, Joker Straabø Suldalsosen, Sand bok&elektro

Sak 34/21 Markering og jubileumsfest

- Kjekk fest, gode tilbakemeldingar for opplegget både på dagtid og festen på kveldstid. Eige skriv om festen er lagt ut på nettsida til Suldal IL.

Sak 35/21 Ymse

- Spond – arbeidar ikkje vidare med dette no.

- Ingen utmerkingar til årsmøtet for dette året.



Referent

Kristine Bøe Berge, med bidrag frå Jon Bråtveit og Helen M. Gjuvsland